



UIL er avhengig av medlemspengene. Her er tiåringane i veka som gjekk. Foto: Ola Matti Mathisen

Idrettslaget oppmoder alle som har fått giro med medlemskort om å betala kontingenten snarast. Dei som ikkje har fått giro kan

finna lenke for innmelding på heimesida. Den kjem du inn på til venstre på denne sida,

UIL er heilt avhengig av medlemspengane for å halda hjula igang. Alle som brukar laget sine tilbod om organisert trening må bidra med kontingent, understrekar Anbjørn Høivik i styret.

Giro vart sendt ut tidlegare i vår og betalingsfristen gjekk ut 15. mai. Men laget saknar nokre innbetalingar.

Steinar Haugland kan kontaktast på 410 42659 om du har spørsmål om kontingent og medlemskap.

Du kan eventuelt nytta skjemaet for medlem eller for familie som du finn på heimesida.